



# Førde kommune

**Styre, råd og utval**  
Formannskapet

**Møtedato**  
16.01.2014

**Saksnr**  
004/14

**Sakshandsamar:**  
Trond Ueland

**Arkiv:**  
FE-034, FA-M82

**Arkivsaknr.:**  
14/32

## Brann- og redningsvesenets organisering og ressurser

### Bakgrunn for saka:

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) har utarbeidd ein eigen rapport om framtidig organisering av brann- og redningstenesta. Tre ulike modellar for korleis denne bør sjå ut i framtida vert presentert. Rapporten er no ute til høyring, med frist 17.02.14.

### Samandrag

Førde kommune er samd med arbeidsgruppa om at framtidig organisering av brann- og redningstenesta må baserast på større einingar for å få betre kvalitet i tenestene både på operativt og førebyggane plan. Sogn og Fjordane fylke med sin utfordrande topografi, med kryssing av fjord og fjell og lange avstandar og spreidd befolkningsmønster, vil likevel gjere det naudsynt å finne ei løysing som er tilpassa våre behov her og som tek omsyn til det spreidde busetnadsmønsteret. Førde kommune vil derfor rå til modell 3. Den gir ei brann- og redningstenesta som er tilpassa minimum 20.000 innbyggjarar. Som største kommune i fylket, og sentralt plassert, er Førde kommune budd på å legge til rette for etablering av ei større brann- og redningseining, lokalisert i Førde

### Bakgrunn

Justis- og beredskapsdepartementet (JD) gav 5. oktober 2012 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) i oppdrag å sjå på brann- og redningsvesenet si organisering og ressursar. Oppdraget er forankra i Meld. St. 29 (2011-2012) «Samfunnssikkerhet» og tilhøyrande Innst. 426 S (2012- 2013). Arbeidsgruppa si hovudoppgåve har vore å greie ut korleis dei samla ressursane som vert nytta i brann- og redningsvesenet i dag, kan nyttast best mogeleg og i samhandling med andre beredskapsaktørar for å nå dei nasjonale måla i St.meld. nr. 35 (2008–2009) «Brannssikkerheit»:

- Færre omkomne i brann
- Unngå tap av uerstattelige kulturhistoriske verdiar
- Unngå brannar som lammar kritiske samfunnsfunksjonar
- Styrke beredskap og handteringsevne
- Mindre tap av materielle verdiar

Arbeidsgruppa, som har utarbeidd Brannstudien, har sett på fleire modellar for framtidig organisering av brann- og redningstenesta og presenterer tre modellar. Alle

dei 3 modellane har til felles at framtidig organisering må baserast på større einingar. Alt frå fylkesbrannvesen (modell 1), til einingar med minst 100 000 innbyggjarar (modell 2), eller einingar med minimum 20.000 innbyggjarar (modell 3).

### **Vurdering**

Rapporten tilrår modell 1, som vil gi størst einingar med 18-19 brannvesen organisert etter fylkesgrensene. Men følgjene for Sogn og Fjordane vert det same om modell 2 vert nytta, det vil seie ei fylkesdekkande teneste. Med ein modell 3 vil fylket bli delt inn i 3 – 5 regionar.

Rådmannen vil rå til at det vert tre regionar; Nordfjord, Sunnfjord, og Sogn. Då vil fylket få eit brannvesen i kvar i desse 3 regionane. Sogn Brann er allereie etablert. Det ville gi einingar med rundt 35 000 innbyggjarar og 8 kommunar. Ei slik inndeling samsvarar óg godt med noverande 2-deling av IUA-strukturen (Interkommunale utval mot akutt ureining) i fylket; Nordfjord og Sunnfjord-Sogn.

Vårt framlegg vil etter dagens dimensjoneringsforskrift gi einingar med ei leiing med 1 brannsjef og 2 avdelingsleiarar, og 3 heiltidsstillingar innan tilsyn av §13-objekt.

Beredskapspersonell og feiarpersonell ikkje medrekna.

Ei utfordring i Sogn og Fjordane vert uansett å ha stort nok befolkningsgrunnlag for å kunne gi tilstrekkeleg tal hendingar for å sikre god læring. I kommunar/regionar/fylke der det berre skjer nokon få hendingar i året, er det vanskeleg å danne eit grunnlag for god læring via erfaring.

Førde med eit variert arbeidsliv og mange kompetansebaserte arbeidsplassar, vil vidare kunne vere attraktivt med omsyn til å rekruttere dyktige fagfolk og skape ei berekraftig brann- og redningseining. Auka institusjonell styrke og samarbeid med aktørar som Helse Førde, politiet, Førde lufthamn, vil òg vere viktig for å kunne handtere større regionale utfordringar og endringar i framtida.

Ein annan faktor er branneininga si involvering i kommunane si generelle forvaltning, beredskapsarbeid og planlegging. Her er det viktig å sikre kortast mogeleg avstand frå branneininga, via kommunane, til publikum.

Som største kommune i fylket, og sentralt plassert, meiner rådmannen Førde kommune bør vere budd på å legge til rette for etablering av ei større brann- og redningseining, lokalisert i Førde.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

1. Førde kommune sluttar seg til at framtidig organisering av brann- og redningstenesta må baserast på større einingar for å få betre kvalitet i tenestene både på operativt og førebyggane plan. Det er likevel naudsynt å finne ei løysing som er tilpassa våre behov i Sogn og Fjordane og som tek omsyn til det spreidde busetnadsmønsteret her.
2. Førde kommune vil derfor rå til modell 3. Den gir ei brann- og redningstenesta som er tilpassa minimum 20.000 innbyggjarar.
3. Som største kommune i fylket, og sentralt plassert, er Førde kommune budd på å legge til rette for etablering av ei større brann- og redningseining, lokalisert i Førde

## **Handsaming i Formannskapet 16.01.2014:**

### **Samrøystes vedtak**

#### **FORM-004/14 Vedtak:**

1. Førde kommune sluttar seg til at framtidig organisering av brann- og redningstenesta må baserast på større einingar for å få betre kvalitet i tenestene både på operativt og førebyggane plan. Det er likevel naudsynt å finne ei løysing som er tilpassa våre behov i Sogn og Fjordane og som tek omsyn til det spreidde busetnadsmønsteret her.
2. Førde kommune vil derfor rå til modell 3. Den gir ei brann- og redningsteneste som er tilpassa minimum 20.000 innbyggjarar.
3. Som største kommune i fylket, og sentralt plassert, er Førde kommune budd på å legge til rette for etablering av ei større brann- og redningseining, lokalisert i Førde

Førde, den 07.01.2014

Ole John Østenstad  
Rådmann

Trond Ueland  
Kommunalsjef  
Tlf. 57612705